# KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR OSTERØY

NR. 4 • SEPTEMBER 2017 • 42. ÅRGANG




## Kyrkjekontoret har fått ny adresse



**Osterøy rundt med ein god bodskap.** Side 19



**Historiespel i havgapet**
Side 7-9



**Svart gåve**
Side 18

## KYRKJENE PÅ OSTERØY: TILSETTE / RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret, Lonevåg Senter, Lonevågen 5:
Åpen alle dager; mandag til fredag,
kl. 8.30-14.30.

Tlf. 56 19 22 80
Epost: kyrkje@osteroy.kommune.no
Heimeside: www.osteroy.kyrkja.no

**Tilsette:**
Kyrkjeverje Edvin Bratli ,
tlf. 56 19 22 80 / mobil 980 67 960

Sokneprest Tom Sverre Tomren
tlf. 56 19 22 82 / mobil 900 49 696

Sokneprest (vikar) Helle Maria Wolstad
tlf. 56 19 22 83 / mobil 468 14 114

Seniorprest Arvid Fosse, tlf. 41652363

Prestevikar Håkon Kinsarvik
Tlf. 56 19 22 82 / mobil 976 44 169

Organist Trent L. Bruner
tlf. 56 19 22 84 / mobil 938 89 950

Organist Baard Eikaas
tlf. 56 19 22 84 / mobil 936 72 224

Trusmedarbeidar Helga A. Mjelstad
tlf. 56 19 22 85 / mobil 480 95 658

Kontormedarbeidar Ruth Hauge
tlf. 56 19 22 86

**Soknerådsleiarane for 2015 - 2019**
Jenny Eikeland (Hamre)
Wenche Fiskeseth (Bruvik)
Geir Atle Mjelde (Haus)
Jan Hanstvedt (Hosanger)
Reidun Vevle (Gjerstad)

KYRKJEHELSING

Kyrkjelydsblad for Bruvik sokn, Gjerstad sokn, Hamre sokn, Haus sokn og Hosanger sokn.

Stoff til neste nummer kan sendast til :
kyrkje@osteroy.kommune.no

Kontakt for Kyrkjehelsing: Edvin Bratli.

Blad nr. 5 - 2017 kjem ut torsdag 16. november.
Frist for levering av stoff er: Fredag 20. oktober.
Redaksjonen avsluttast: Fredag 27. oktober.

Layout og trykk: Molvik Grafisk

# Det rare året

**Det skjer ikkje noko magisk når ein vert konfirmert, men det skjer noko fint med at ein tenåring får all merksemda frå start til slutt på ein heil dag.**

AV HÅKON KINSARVIK



*Håkon Kinsarvik (foto: Privat).*

«Eg skjønar det ikkje heilt, men guten vår voks plutseleg fem centimeter den dagen. Han retta ryggen og vart tryggare på seg sjølv» skal ein konfirmantfar ha sagt (sitert i boka «Liv laga» av Ingvald Andersen Frøyen).

Det er noko fint med å få stadfesting gjennom songar, talar, fine kort, gåver frå både foreldre, fadrar, familie og vener. Gjennom dette skjer det noko med konfirmanten på konfirmasjonsdagen.

Det er likevel ein god del som skal skje før denne dagen i april/mai 2018. Det er gudstenester, leir, aktivitetar og mykje anna kjekt ein har i vente. Konfirmasjon er ei stadfesting frå Gud på at han står fast på sitt ord om å ta i mot oss i trua til Han, og at han elskar oss som sine barn. Difor lærer ein om Gud, som gjev oss liv, glede, kjærleik og omsorg. Om Gud, som er ein Gud, som ønskjer å vere ein del av livet vårt, om me vil invitere han inn i kvardagen vår.

Eg vil oppfordre konfirmantar til å vere nysgjerrige, vere opne for å lære nye ting og våge å stille spørsmål. Foreldre/føresette vil eg oppfordre til å lytte til konfirmantane. Gje konfirmantane støtte i vala dei tek, og ver med på gudstenester saman med dei dette året. Kyrkjelyden vil både sjå og høyre dei nye konfirmantane. Mi oppfordring til kyrkjelyden er å be særskilt for konfirmantane, og ta imot dei med opne armar.

Eg ser fram til det nye året.

# Velkomen, Helle Maria!

**Osterøy har fått ny prest. Helle Maria Wolstad tar over etter Inge Sørheim, som har takka ja til å bli døveprest i Bergen.**

AV EDVIN BRATLI



***NY PREST:*** *20. august var det innsettingsgudsteneste i Hosanger kyrkje, der Helle Maria Wolstad blei ønskt hjarteleg velkomen av både store og små.*

Helle Maria går inn i eit årsvikariat som sokneprest. Utlysing av fast stilling kjem utpå nyåret, om ikkje Inge Sørheim angrar på valet, og kjem tilbake. Då får vi sjå om ho blir verande. Helle Maria er alt i god gang.

Helle Maria er metodistprest, men når ho no skal arbeide i Den norske kyrkja, vil ho gjere som dei andre prestane våre. No gler ho seg til å gjere seg kjend på Osterøy og mange skal få møte henne. Ho har arbeidd i metodistkyrkja i Oslo og på Notodden. Ho har arbeidd ti år Kirkens SOS, der ho hadde ansvaret for både undervisning og medarbeidarane. Ho har òg tre års erfaring som leiar for Stovner Frivilligsentral. Helle Maria har ellers vidareutdanning innan sorg/krise og veiledning, har vore med å utarbeide krise- og katastrofeplanar for fleire bispedøme, og har gitt ut boka «Når krisen rammer» (2005).

Tenesta på Osterøy vil vere gudstenester i alle kyrkjene, men mest i Hamre og Hosanger, gravferder, vigsler og delta i sokneråda på Hamre og Hosanger. Helle Maria er oppteken av at barna skal finne sin plass i kyrkja. Ho vil følgje trusopplæringsarbeidet tett, og vil invitere dei barna som vågar og vil fram i koret til ein prat med presten om innhaldet i preika. Det kan bli noko nytt og spennande for oss andre. Vi ønskjer henne velkomen og lukke til i arbeidet!

## Ny organist i Hosanger og Hamre

**Trent L. Bruner er tilsett i fast stilling som organist i Hamre og Hosanger kyrkjer frå 1. september. Han overtar etter Per Inge Hove.**

Det første året vil han og vikariere litt for Baard Eikaas, den andre kantoren vår, som skal ha permisjon frå delar av stillinga si for å studere. Han vil og bli å sjå i dei andre kyrkjene våre, i samband med gravferd og vigslar, og nokre gudstenester.

Vi kjenner Trent godt. Han har vore vår faste vikar i fleire år, og stilt opp på fri-søndagar og andre fridagar for kantorane våre. Han er ein framifrå dyktig pianist, og har arbeidd i kulturskulen både på Osterøy og i Bergen. Han har og stor interesse for folkemusikk, og vi trur han vil bringe mange flotte musikalske uttrykk inn i kyrkjene i tida som kjem.

Trent er busett på Valestrand, er kanadisk statsborgar og har både musikk- og allmennlærarutdanning frå Canada. Han har og teke vidareutdanning i musikk ved Griegakademiet i Bergen. Dei siste åra har han mellom anna undervist i piano og song, vikariert for organister, dirigert fleire kor, gitt ut lærebøker i musikk og komponert eigen musikk. Kyrkjeleg fellesråd er glad for at vi har fått ein så allsidig musikar.



*Trent L. Bruner (foto: Helge Aspevik)*



## Kyrkjekontoret på plass i Lonevåg Senter

No har kyrkjekontoret flytta ned i Lonevåg Senter. Vi har fått kontor over Biblioteket, og har same inngang.

Adressa er Lonevågen 5, 5282 Lonevåg. Grunnen til flyttinga det er at lokala framom rådhuset på Hatland blir tekne i bruk av tilsette i kommunen.

# 75 år etter erklæringa «Kirkens grunn»

**«...det er vår høyeste plikt mot Gud og mot mennesker uavkortet og uforferdet å forkynne alt Guds ord til tukt og til trøst, alt Guds råd til liv og til frelse, uten hensyn til hvem det måtte mishage». Slik lød det frå preikestolene i kyrkjene i Noreg 1. påskedag, krigsåret 1942. I Haus kyrkje vart «Kirkens grunn» lese opp sundagen etter. 75 år seinare er Johannes Torp sitt minne av dagen klårt som glas**

AV BAARD EIKAAS



***UNGE UNDER KRIGEN:*** *Ingrid (90) og Johannes (90) flytta i 2015 frå Havråtunet til ein omsorgsbustad på Hauge.*

– Det var overfylt i kyrkja. Eg beit meg merke i den fyrste salmen me song. Det var «Mektigste Kriste». Me song *«skynd deg å hjelpe oss av fiendens snare, ditt folk bevare!»*. Det var sterkt. Salmen hadde ein dobbel bodskap i den situasjonen me var i, minnast Torp.

«Kirkens grunn» vart utarbeidd av Kristent samråd, som var samansett av biskopar og leiarar frå kristelege organisasjonar. Erklæringa vart ført i pennen av mellom anna biskop Eivind Berggrav. Den norske kyrkja hevda i dokumentet si andelege fridom og suverenitet i møte med dei illegitime makthavarane. Vedkjenninga vert rekna som sentral i kyrkja si kamp mot nazismen.

– Etter opplesinga skulle me ta stilling til erklæringa. Alle som var til stades viste si tilslutning ved å reisa seg, så nær som éin person, kjem Johannes i hug.
I tida etter påska 1942 la soknepresten i Haus, Ludvig Klaastad, ned embetet sitt og frasa seg si løn i protest mot okkupasjonsmakta. Det same gjorde dei fleste prestane.
– Då vart presten forsørgja av kyrkjelyden. Dette fungerte bra, endåtil folk ikkje hadde mykje pengar den gong.

**«Å høyre på London»**
Johannes gifta seg i 1954 med Ingrid. Ho er oppvaksen på Blom, han på Havrå. Dei var 12 og 13 år då krigen gjorde sitt inntog.
– Me hadde jo vår finaste ungdom under krigen, sjølv om det var harde tider, fortel Ingrid.
– Eg minnast ein gong det var ungdomslagsmøte. Me song «Det dagast i Noreg». Så kom ein tyskar inn i lokalet. Han bad oss blenda nokre glipar med ljos me hadde oversett. Nett medan han stod i døra, med lua i handa, stemde me i «Då jagar me trolli med sigerslått og brising på høge nut». Han stod der så andektig og forstod vel ingen ting, ler Ingrid hjarteleg.

– Radioapparata var jo innleverte, men via eit syskenborn i Bergen hadde me fått tak i eit. Radioen stod fyrst på loftet. Seinare flytta me han til floren, til ein sauebås. Men det kunne vera vanskeleg å finna riktig posisjon for antenna. Ein gong hekta me antenna på hornet til ei kyr, og det gjorde nytta, ler Johannes godt.

Johannes minnast kong Haakon helse folket i sendingane frå London. Med sin danske aksent sa kongen at han kanskje snart kunne vende attende til eit fritt og sjølvstendig Noreg.
– Kongen avslutta med å sitere «Alltid freidig». Særleg gjorde det inntrykk då han leste «Kjemp for alt hva du har kjært, dø om så det gjelder», fortel Johannes glødande.
Etter ei tid enda radioen opp i ei steinur, av omsyn til tryggleiken. – Det var eit farleg spel, konstaterer Ingrid nøkternt.

Ettermiddagen 7. mai 1945 hadde Johannes eit ærend hjå skomakaren på Kvisti.
– Det fyrste han sa då eg kom, var at no var krigen slutt. Då eg kom attende til staden me kalla «Hundatua», var fullt av folk samla, seier Johannes.
– Gleda over freden er noko eg aldri gløymer, avsluttar Ingrid Torp.

# En prat med Tone

**Et par ganger i måneden møter Tone Birkeland på vakt i Kirkens SOS i Bergen. Hun tar dagvakter, kveldsvakter og nattevakter og er alltid litt spent før vakten begynner.**

TEKST OG FOTO: TORE KRISTIANSEN



***VIKTIG OG GIVENDE:*** *– Min egen lille og forholdsvis trygge verden blir veldig mye større når jeg sitter på vakt, sier Tone Birkeland.*

– Når jeg løfter av telefonrøret eller åpner en melding, vet jeg aldri hva som møter meg. Min egen lille og forholdsvis trygge verden blir veldig mye større når jeg sitter på vakt, for samtalene spenner over et stort register, forteller Tone Birkeland.

Mange er dønn ensomme og savner noen som er glad i dem. Andre har angst og får ikke sove. Noen strever med følelsen av å ikke strekke til i de relasjonene de er i. Andre bakser med eksistensielle spørsmål knyttet til tro, liv og død. Noen skader seg eller baler med vonde ettervirkninger av mobbing eller andre overgrep. Noen er så slitne at de ikke vet om de orker å leve mer.

## Hode og hjerte

– Hva gjør du på vakt?
– Noen samtaler er lange og krevende, andre varer bare 5-10 minutter. Jeg svarer også på skriftlige epostmeldinger. De er ofte mer direkte på sak enn telefonene, og det å svare i skrift, krever både hode og hjerte, forteller Tone.

Da hun begynte i 2004, gikk hun gjennom et tre måneder langt innføringskurs.
– Det var knallbra, og dekket mange av de områdene der vi som telefonvakter kan møte utfordringer. Ikke minst ble vi kurset på vår egen rolleforståelse. Vi trenger ikke å ha ambisjoner om å være eksperter, bare på å være oss selv, og på å møte den som tar kontakt, med åpenhet og respekt. Den bagasjen som ligger i egen livserfaring har også hjulpet meg til å gjenkjenne det folk sliter med, sier Tone.

## Generasjonsskifte i staben

Kirkens SOS i Bjørgvin har de siste årene hatt et generasjonsskifte i staben av frivillige medarbeidere. Før var det ofte godt voksne og pensjonister som meldte seg som medarbeidere. De siste årene har de derimot fått mange unge blant de frivillige.

– Studenter utfordres av det å hjelpe andre. Men de flytter og er mindre stabile. Derfor vil vi gjerne ha flere frivillige også blant de godt voksne, sier Karl Dag Bærug, nestleder ved Kirkens SOS i Bjørgvin.

Han håper flere frivillige mellom 20 og 80 år av begge kjønn vil melde seg til denne krisetjenesten. Kirkens SOS tilbyr 40 timers innføringskurs fra midten av september. De må være glad i mennesker og flinkere til å lytte enn til å snakke. Tro måles ikke, men medarbeiderne må kunne be en bønn om noen ber om forbønn. De frivillige har et par vakter i måneden på rundt fem timer, og følges opp med regelmessige foredrag og samtaler i grupper.



***TRENGER FLERE FRIVILLIGE:*** *– Det handler om å skape det trygge møtet som gjøre at den andre klarer å snakke sant om livet sitt, sier Karl Dag Bærum. (Foto: Kirkens SOS)*

*Om du vil bli frivillig medarbeider, kan du kontakte Kirkens SOS Bjørgvin på telefon 55325845 eller sende en epost til bjorgvin@kirkens-sos.no.*

**Innsamling av klær, sko og sengetøy til Ukraina**

**v/Tro-Håp-Kjærlighet**

Første og siste lørdag i mnd. kl. 12-14.00
v/Lærerhøyskolen på Breistein, Olav Bjordalsvei 43

Pakkes i sekker - kr. 50.- pr. sekk

Kontaktperson: 99 64 24 70

**www.thk.no**

**Abbedissen** begravelsesbyrå as



**Fyllingsdalen Døgnvakt 55 15 40 90**
**Åsane Døgnvakt 55 25 31 00**

TILLITEN TIL OSS VIL BLI GODT IVARETATT

*www.abbedissen.no*

---

**Bergen & Omegn** BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

*- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv*



Knut Helge Polden · Espen Polden · Heine Polden · Cathrine Polden Misje

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

---

# Åsane Begravelsesbyrå

v/ Johannes R. Blom

**55 18 90 00** Døgnvakt

E-post: aasane-b@online.no
TERTNESVEIEN 99 (Hildes Blomster AS)

---

**Arna** GRAVFERDSBYRÅ

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

*Ragnhild Th. Kristing*
*Marit I. Hope*
*Torstein A. Jenssen*

**Døgnvakt 55 24 08 08**
www.arna-gravferdsbyraa.no
Lakslia 13 • 5261 Indre Arna

---

**Koba Christensen** BEGRAVELSESBYRÅ

127 års erfaring - Din trygghet i en vanskelig tid.

- Gratis samtale i hjemmet
- Alle prisklasser - forhåndspris
- Egen blomsteravdeling
- Gravmonumenter

Dreggsallm, 5003 Bergen **Telefon: 55 300 800** post@koba.no, www.koba.no

---

**Dåp, konfirmasjon eller bryllup?**
Vi har det du trenger for å dekke ditt nydelige festbord!
Stort og unikt utvalg i norske håndlagde lys, servietter, løpere, lysestaker, skåler, silkeblomster, bordkort m.m.

**Fjøsangerveien 207**
**55 31 80 01**
**Løiten Lys Bergen**

Løiten Lys

**www.loiten-lys-bergen.no**

---

Åsane Senter Kilden Senter Oasen Senter Sletten Senter



*Alltid en anledning!*
TOPPE BLOMSTER
**www.toppeblomster.no Tlf: 55 18 03 00**
*- fra hjerte til hjerte*

---

**TREseksten**

**BIBLER - BØKER - MUSIKK - FILM - KORT - GAVER**

Åsane Storsenter 42 (rulletrapp opp fra Sport1)
TLF.: 55 19 82 00

---

# Ull er omsorg

JANUS
www.janus.no
Since 1895



Besøk oss gjerne på Janus Kultursenter på Espeland

---

AKTIV

FØRERKORT KL. B
– Fornøyde kunder
– Trygge sjåfører

Tlf. 92 26 66 33

ERIK STEPHANSEN TRAFIKKSKOLE

---

JC INTERIØR

**Kjøkken • Bad • Garderobe**

Salhusveien 55, 5131 Nyborg
Tlf. 55 53 98 40
www.jcinterior.no

Besøk en av Norges største shop in shop LENE BJERRE DESIGN

# Et heldags eventyr ytterst i havgapet



***FELLESMØNSTRING FOR HELE LOKALSAMFUNNET:*** *Det virker som om hele bygdesamfunnet på en eller flere måter er engasjert i Kinnaspelet.*

**«Turen til Kinn og teateret ved havet er ei oppleving du sjeldan finn make til» står det i programheftet til Kinnaspelet. Dette er et utsagn som jeg gladelig slutter meg til, etter å ha overvært årets forestilling på den lille øyen Kinn lengst vest i havet.**

TEKST OG FOTO: THRUDE DEISZ

Bare båtturen opp til Florø er ren terapi. Hjertet eser av stolthet over alt det vakre vi ser; trivelige småsamfunn langs kysten og på øyene utenfor, der fiskere og småbrukere, med seig utholdenhet og stoisk ro har taklet elementene i hundrer av år.

Vel fremme på Kinn går vi den smale veien langs sjøen fra fergeleiet og inn til middelalderkirken. Det er som om vi er på vandring inn i en annen verden. En enslig bil tar seg langsomt frem på den smale veien. Vi skjønner nødvendigheten, men later som om vi ikke ser den.

### Katedralen ved havet

Etter 20 minutters gange åpner landskapet seg. Kinnaklova, de to fjelltoppene skilt av en dyp kløft, ruver mot oss. Den djerve fjellformasjon er skapt av naturen selv, og har vært landemerke for sjøfarende i årtusener. Jeg lover meg selv at neste gang vil jeg opp der, 315 meter over havet, og få den store utsikten over øyriket.

Vi går gjennom portalen til utescenen der forestillingen skal begynne om noen timer, for å «holde» plasser i amfiet. Til tross for at plaststolene står som hekkende hvite fugler oppover lien, får jeg et viff av forventning, der jeg prøvesitter og skuer ned på den gedigne trescenen med middelalderkirken og havet som levende kulisse. Det er virkelig med på å skape den særegne atmosfæren vi så tydelig fornemmer.

Men først er det høymesse ved biskop Halvor Nordhaug inne i «katedralen ved havet», Kinnakyrkja. Det er alltid spesielt å komme inn i en kirke. Særlig en gammel og vakker, der du kan sitte i velbrukte trebenker og tenke på alle som har sittet her tidligere. Gud føles nærmere her enn i gedigne katedraler.

Som naturlig er i et jubileumsår - markerte også biskop Nordhaug reformasjonen. Etterpå var det altergang og nydelig salmesang av «munker» fra forestillingen vi snart skulle se. Og om kvelden var det keltisk kveldsbønn, med sang og musikk hentet fra den keltiske kristendomstradisjonen, på øyene Lindisfarne og Iona.

### Hele bygden stiller opp

Men nå altså til høydepunktet på turen, Kinnaspelet. Det virker som om hele bygdesamfunnet på en eller flere måter er engasjert i denne årvisse begivenheten, som også stimulerer tilhørighet og fellesskap. Flere av hovedaktørene kommer fra Sogn og Fjordane Teater, andre er «importert» for anledningen, men de fleste hører til lokalbefolkningen.

Noen av personene i stykket må skiftes ut fra år til år, blant andre Sunniva og Borgny, som skal spilles av pur unge piker. Men mange er med i flere år, gjerne i forskjellige roller. Å skulle administrere det hele, og instruere et sånt oppbud av mennesker, må være vanvittig mye arbeid, og sikkert en nervepåkjenning til tider - men jeg er også sikker på at de har det kjempefestlig underveis også.

«Songen ved det store djup», som er den poetiske undertittelen på spelet, handler om da reformasjonen kom til Kinn en dag i 1537. Vi lever med i bygdefolkets opprør når dansekongens fut gjør sitt inntog og vil ta fra dem alt de har trodd på og støttet seg til. Pavekirkens tid er forbi. Kongen skal nå



***DA REFORMASJONEN KOM TIL KINN:*** *Vi lever med i bygdefolkets opprør når danskekongens fut gjør sitt inntog og vil ta fra dem alt de har trodd på og støttet seg til.*

eie alt kirkegodset, og en ny luthersk prest innsettes. Bygdefolket slår spontant ring om presten sin. Han står steilt mot overmakten, og nekter å utføre den symbolske handlingen det er å gi fra seg kirkenøkkelen.

Her er også et snev av besk humor; «prestefrillen» Margrete er ramm i replikkene, og den eneste som hilser reformasjonen velkommen - fordi hun tror at hennes katolikkprestemann da vil gifte seg med henne.

## Legenden om St. Sunniva

Som et spill i spillet kommer bygdefolket sitt «kirkespill», der vi blir tatt tilbake til 900-tallet, da den kristne prinsesse Sunniva fra Irland flykter fra vikingkongen Ramn, som vil ha henne til dronning. Sammen med følget sitt legger hun ut på havet i båter uten seil, ror eller årer, og lar vind og havstrømmer råde.

Båtene driver i land på Selja. Senere blir hun St. Sunniva, helgen for Vestlandet. Søsteren Borni driver i land på Kinn,



***KATEDRALEN VED HAVET:*** *Kinnakyrkja ligger der som en verdig grå eminense.*




**MIDDELALDERMUSIKK I MIDDELALDERKIRKE:** *Familien Hulbækmo fikk halve kirken til å trampe takten, før de avsluttet med en nydelig gammel salmetone.*

og skal etter legenden være hun som fikk bygget Kinnakyrkja. Spelet blir slik en litt innfløkt sammensetning av legende og forfatterens spinn om denne, men stram regi, entusiastiske deltakere, musikken - og ikke minst naturen omkring - gjør det hele levende. Scenene der horder av vikinger stormer opp fra sjøen, med bygdefolket som en diger murrende masse i bakgrunnen, og munkenes veldige kor - samt futen og hans følge av truende soldater; det er virkelig et imponerende skue.

Mange kommer igjen år etter år og har Kinnaspelet som en spennende sommertradisjon. For noen er det en fin måte å kombinere kunst og naturopplevelser på. Her er mange turer og opplegg for hele familien - for barn også.

### Musikk fra middelalderen

Etterpå var det konsert med Tone Hulbækmo, som hadde med seg gemalen Hans Fredrik Jacobsen, fløytist med diverse andre «strenger på sin lyre» (lutt, gitar, torader) og sønnen Alf Hulbækmo (tangenter og munnspill). Tone selv sang og deklamerte, og spilte både norsk harpe, trøorgel og lyre. Hun bandt det hele sammen på en avslappet og humoristisk måte, samtidig som hun med entusiasme fortalte om instrumentene og musikken de fremførte. Den var særdeles variert.

Tone Hulbækmo har for øvrig mottatt Spellemannsprisen flere ganger, også sammen med sin mann. I stemmen har hun nok et mangfoldig instrument. Fra den mykest tenkelige - til en absolutt nifs, knurrende, raspende, truende røst som jeg aldri har hørt maken til. Også en bit av den allsidige Hulbækmo. Men mest var det vakkert og mye var selvkomponert.

Hun opererer med noe hun kaller «naturtoneskalaen», og i alt hun gjør har hun sin særegne «tone» som en understreng. Særlig står den norske harpen hennes hjerte nær. Det finnes bare ni slike i Norge, fikk vi vite. Alle er forskjellige. Hun kaller den et mytisk instrument med magisk kraft, og fortalte at vi i Norge har hatt en folkelig harpetradisjon siden middelalderen. Instrumentbygger Sverre Jensen laget den første kopien av en gammel harpe. «Den ble min, og jeg var solgt» sier Tone. Man kan bli lodden av lykke av de sprø, vare, ja, nesten overjordiske, tonene hun formår å få frem på den harpen. Spesielt vakkert er det når hun får følge av husbonden på fløyte.

Konserten var en super avslutning på en strålende dag. Det regnet ikke en dråpe. I motsetning til dagen før: da kom nemlig det verste vær i Kinnaspelets minne. Det bøttet ned, til alle var så dyvåte at de ga blaffen. Det forlyder at det ble en aldeles spesiell - og meget vellykket forestilling.

*Fakta*

## Kinnaspelet

- Har like siden 1985 blitt fremført årlig på Kinn, der det dramatiske landskapet og den åpne himmelen skaper de perfekte kulissene for den utendørs forestillingen.
- Stykket er et samarbeid mellom Sogn og Fjordane teater, musikere og over 160 lokale aktører.
- Kinnaspelet - Songen ved det store djup er skrevet av Rolf Losnegård, med musikk av Per Janke Jørgensen.
- De profesjonelle skuespillerne i årets forestilling var Reidun Melvær Berge (Borni og Sunniva), Peter Førde (Tarve og vikinghøvdingen Ramn), Jeppe Beck Laursen (dansk fut), Kyrre Eikås Ottersen (prest) og Idun Losnegård (Magrete prestefrille).
- Regissør Jeff Pedersen (2016, 2017), musikalsk ansvarlig: Harald Dahlstrøm.
- Mer informasjon: www.kinnaspelet.no

# Vår første lutherske kirkeleder

**Det var nettopp de egenskaper som samtiden kritiserte ham for, som gjorde Geble Pederssøn (1490-1557) til slik en god brobygger ved overgangen til protestantismen.**




***GEBLES BERGEN:*** *Hieronymus Scholeus laget sitt kjente kobberstikk av Bergen i 1581, 24 år etter at Geble Pederssøn døde. Stikket viser blant annet de nå forsvunne Nikolaikirken og Martinskirken.*

AV LISE MCKINNON

Hele dette året skal stå i reformasjonens og den opprørske tyske munken Martin Luthers tegn. En nordmann som fikk stor betydning for vår egen overgang til den nye lære (som ikke skjedde offisielt før i 1536) var Geble (eller Gjeble) Pederssøn, som må ha vært Luthers rake motsetning når det gjaldt temperament, fredsæl som han var.

Pederssøn får æren for at overgangen til protestantismen gikk forholdsvis smertefritt på vår kant av landet, i motsetning til i Nidaros, hvor den krigerske erkebiskopen Olav Engelbrektsson til slutt måtte rømme landet.

Hovedkilden til biografisk materiale om Pederssøn er fem brev, samt det hans nevø og pleiesønn Absalon Pederssøn Beyer skrev skrev om ham i sin dagbok og i en minnetale.

## Viet til katolsk biskop

Geble ble født omkring år 1490 på Helgeland, *«aff Welbyrdige ærlige Forældre, hvis Fader var Raadmand vdj Bergen, hans Moder heed Margrethe ocsaa aff Adel»*. Han gikk først på skole i Trondheim, deretter i Bergen. Så dro han til Nederland, hvor han studerte teologi, matematikk, naturfag og musikk, før han vendte tilbake til Bergen som magister i filosofi i 1517. I Nederland må Geble ha blitt kjent med humanismen; blant annet studerte han i Leuven, hvor Erasmus Rotterdamus muligens oppholdt seg samtidig.

På vei til Leuven var han innom et kloster hvor abbeden ville overtale ham til å bli munk. *«Hvorpaa M. Gieble hannem tackede, oc sagde sig endnu ingen Lyst at haffve der til, men heller endnu meere sig udj Bogen at forfremme»*. Dette med å forfremme seg i boken, kan sikkert stå som motto for Geble. Han arbeidet hele sitt videre liv for både andres og egen kunnskapsutvikling.

Etter hjemkomsten var Geble en kort tid rektor ved latinskolen, så ble han kannik

og sokneprest i Mariakirken. Da biskop Olav Torkildssøn døde i mai 1535, ble han domkapitlets kandidat som ny biskop i Bergen. Han reiste til Danmark for å bli viet til biskop i den katolske kirke, og opplevde det forunderlige (og sikkert forvirrende) å komme hjem som lutheransk superintendent med den nye kongen i Danmark, Kristian 3., som øverste myndighet.

Ikke nok med det: Han reiste fra landet Norge, og kom hjem til det som i mellomtiden var blitt en dansk provins! Den nye kongen hadde allerede bestemt at Norge var «så forringet» at det måtte være «under Danmarks krone til evig tid».

### Reagerte på «kjetteriet»

Geble ble det eneste geistlige «overhode» i Norge som gikk direkte over fra en katolsk stilling til en luthersk. De andre biskopene ble avsatt, men måtte etter noen år gjeninnsettes (som superintendenter) fordi det ikke fantes kvalifiserte menn til å overta.

Det første brevet vi har etter ham er til erkebiskop Olav av Nidaros, datert 14. april 1531. Her skriver han om det som skjer på den politiske front i Danmark og Europa. I en bisetning nevner han alt «kjetteriet» som spirer frem, og at han håper at uroen og opprørene vil komme til en «god fred og endrektighet».

Brev nummer to til erkebiskopen (i et fremdeles katolsk Norge) er datert 13. desember 1535, og gjelder bispevalget i Bergen. Det hadde vært store problemer både i og utenfor kirken i de tolv årene Olav hadde vært biskop. Kirkens menn ble behandlet respektløst, og klostrene forfalt. Det Geble ønsket var orden og trygghet i stiftet, og han avslutter brevet med at han og domkapitlet aldri vil *«falle ifra Eders Nådes råd»*.

### Den gode strid

Geble var den nærmeste til å bli utnevnt til ny biskop i Bergen, men i riksrådet satt det sterke motstandere (blant annet Vincens Lunge) som ville bruke utnevnelsen som en brikke i sitt politiske spill. Om Geble skrev de at det var *«jintet mandelight hierthe eller raadt j hannem»*. Han manglet altså mot, besluttsomhet og handlekraft.

De nye superintendentene fikk til hovedoppgave å *«prædike Guds rene Ord for Menighederne»*. I det fjerde brevet vi har etter Geble, skrevet til en ung islandsk venn, Gissur Einarsson i 1538, er tonen blitt helt i Luthers ånd: *«Arbeid i Herrens vingård og strid den gode strid! Så ut hans rene ord, for at det en gang kan bære frukt i ditt land, med tålmodighet! Herren Jesus Kristus vil gi kraft og styrke»*. Gissur ble få år senere den første lutherske superintendenten på Island.

*Geble Pederssøn var ingen fanatiker, ville ikke rive ned, men finne gode og fredelige løsninger på problemer når de oppsto.*

Alle de katolske prestene i Norge som ønsket det fikk bli i sine stillinger. Dette krevde mye rettledning; i tillegg kom opplæring av en ny generasjon prester. Mange danske prester var uvillige til å reise hit; lønnen var lavere i Norge og det var et farlig folk som *«sloge Præster og andre ihiel»*.

### Fikk beholde inntektene

Prestene var nå blitt embetsmenn lønnet av staten. Geble nøt derimot godt av denne overgangsfasen; han fikk blant annet inntekter fra munkelivgodset og en fjerdedel av fisketienden *«som gaaer af Toldbode Paa Bergen»*. Til gjengjeld bekostet han reparasjoner av Domkirken og et nytt orgel der. Han anla en fin hage, ansatte en flamsk gartner, og fikk innført frukttrær, blomster og urter. Han var interessert i botanikk, og tok sitt herbarium med på sine reiser.

Selv en vinranke skaffet han seg. Vindruene ville ikke modnes i vår norske sommer, men han tok inn de umodne druene og hang dem over bordet sitt, og, forteller Absalon: *«lod fremmde Folck see, at Windruer kunde ocsaa voxe i Norrig. Men strax hand døde, forvisnede Wintræet, ligesom det ville haffve sørget, for hans Død»*.

Mye penger brukte Geble også til å bekoste videre utdannelse i Danmark og Tyskland for begavete gutter fra latinskolen. Denne skolen var jo for en stor del beregnet på blivende prester.

### Ingen fanatiker

Geble giftet seg aldri. Når noen spurte ham om hvorfor, viste han til de unge som hadde vært elever ved latinskolen og sa: *«Disse er mine børn»*. De møttes til samtaler, og når Geble oppdaget at en gutt var spesielt musikalsk, bekostet han undervisning til det unge talentet var *«fuldkommelig udlærd paa Orgelværck»*.

Etter et slagtilfelle i 1555 ba Geble kongen om å bli løst fra sitt embete, noe kongen avslo, men han tillot ham å bruke soknepresten på Voss (som også var kannik i domkirken) til vikar i embetet. I 1557 skriver Absalon: *«9 Martij døde M. Geble»*.

Mange nyere tids historikere har ment at det var nettopp de egenskaper som samtiden kritiserte ham for, som gjorde Geble til slik en god brobygger ved overgangen til protestantismen. Han var ingen fanatiker, ville ikke rive ned, men finne gode og fredelige løsninger på problemer når de oppsto. La oss håpe han får all den ære han fortjener når Norge skal feire sin egen reformasjonsfest i 2036!

*Kilder:*


- *Steinar Imsen: Da reformasjonen kom til Norge (Cappelen, 2016)*
- *Sigrun Høgetveit Berg: Reformasjonen (Samlaget, 2017)*
- *Absalon Pederssøn: Dagbok og Oration om Mester Geble (Universitetsforlaget, 1963)*
- *Terje Ellingsen: Gjeble Pederssøn skriver brev (artikkel trykket i Bjørgvin, 1986)*
- *Norges historie (Cappelen, 1980)*




***SEGL OG SIGNATUR:*** *Geble Pederssøns segl og navnetrekk, hentet fra et brev fra 1539 - som nå er oppbevart i Riksarkivet.*

# Eit godt liv

**– Ytre Arna er ein god plass. Me som voks opp på 60-70-talet, var heldige. Me var så like. Foreldra arbeidde i fabrikken. Alle var på same plan, og me fekk eit godt samhald. Somme interesserte seg for idrett. Eg lika betre song og musikk. Samtidig hadde me foreldre og andre me såg opp til, som var mykje med i bygda, aktive i mannskor, på fotballbanen og anna. Me hadde lyst å bli som dei, og det blei me.**

TEKST: INGVAR FLØYSVIK
FOTO: TOR KRISTIANSEN



Å intervjua Thor Kalland er ikkje som å intervjua andre. Eg fekk aldri tid til å stilla nokon spørsmål; mi oppgåve blei å få fingrane til å springa fort nok over tastaturet.

## Representasjon og alkohol

Thor Kalland fortel at han har har vore kokk, køyrt trailer, gått i malarlære, vore i Arne fabrikker og Toro.
– Best har eg trivest med sal. Eg har hatt salsjobbar i daglegvare, verktøy, industri, spesialarbeidstøy, og no i Akasia, som er eit selskap eigd av Bergen kirkelige fellesråd.

Salsyrket førte med seg mykje representasjon, og etter kvart fekk han eit alkoholproblem. Då søkte han seg eg til AA. Sinnsrobøna der fekk mykje å seia.
– I byrjinga surra denne bøna i hovudet mitt kvar halvtime. AA har eit sterkt andeleg program. Eg har prøvd tusen andre metodar for å halda meg edru. Men dette programmet har hjelpt meg og millionar andre.

## Vegen til kyrkja

Han måtte vita meir om det andelege. Då var vegen kort til kyrkja. Der trefte han mange fine folk.

– Eg var ikkje klar over kor mykje bra arbeid som vart gjort her. Eg ville vera med og sjå kva eg kunne gjera, og har difor engasjert meg i soknerådet. Eg er heldig som får vera med i kyrkjelyden i Ytre Arna. Det gjev meg fantastisk mykje, seier han.

– Me sit med ei av dei to trekyrkjene i Bergen. Ho er ein arv me må ta vare på, ein arv som har vore der i glede og sorg. Me må få fram igjen at dette er vår plass, der me kan få fred og ro, få sitja og tenkja. Så har me fått ein arv til, me har eit stort kyrkjelydshus, «gamleheimen». Det vil me ta vare på. Me arbeider no med å utvikla det slik at det kan bera seg sjølv utan lotteri og flaskeinnsamlinga; det er jo så lite flasker att i Ytre Arna no!

### Anonyme alkoholikarar

Då han kom med i AA, møtte han «Dei tolv trinna». Dei blei utgangspunktet for den trua han har fått.
– Trua har vore med meg og gjort at eg kjenner meg mykje tryggare. Egoismen forsvinn. Eg får eit anna syn på folk, har lyst å gjera lite grann for å gjera verda rikare. Når eg snakkar med folk som ikkje har betre greie på det enn eg ein gong hadde, blir det ofte snakk om religionskrigar eller at det ikkje er teke nok omsyn til Daudehavsrullane. Dette har eg ikkje greie på, seier han.

– Men eg ser folk som ved trua si har fått eit heilt nytt liv, og greier å halda seg borte frå tidlegare misbruk. Det resultatet ser eg ikkje hjå andre. Dersom ein ikkje klarer å fylla tomrommet etter misbruket med noko positivt, vågar eg å påstå at ein dett tilbake, ein ser ikkje meininga med livet. Det var jo ein grunn til at misbruket byrja. Alkohol hjelpte, var ei fantastisk støtte heilt til det tok overhand. Då treng ein ei makt som er sterkare enn ein sjølv. Ein må slutta å vera Gud i eige liv. Det har eg prøvd.

### I Akasia

I fjor blei Kalland tilsett i Akasia. Selskapet arbeider med å ta vare på mellomalderkyrkjene, ja, alle kyrkjebygningane, og gravplassane, så dei ser finast mogleg ut. Selskapet gjev også tilbod om gravstell.

– Me har spesialistar på trepleie og på eldre teknikkar innan både murar- og tømrarfaget, elektrikarar som kjenner kyrkjene i kommunen, og arkitektar som lagar alt frå barnehagar til nye gravplassar, fortel han.

No som kyrkja er teken ut av Staten, må me rekna med at økonomien vil bli trongare. Akasia kan óg hjelpa til å utvikla eigedomane slik at kyrkjelydane kan få inntekter.

### Nygift

Fjoråret brakte også ei anna endring inn i livet hans, i og med at han gifta seg.
– Det er rikt å få vera saman med nokon så godt det lèt seg gjera resten av livet, at me i lag kan byggja noko opp. Eg har vore gift før med ei fantastisk kone, som tok seg av alt med heim og ungar, for eg hadde meir enn nok med meg sjølv. Det er eg forhåpentlegvis ferdig med.

Barneborna betyr mykje for han, å få sjå bilete og filmar frå dei som er langt borte, og møta dei som er nær.

**Fakta**

## AAs tilfriskningsprogram

Kjernen i det foreslåtte programmet for personlig gjenreisning er i **De Tolv Trinn** som er basert på erfaringene fra de første medlemmene i vårt fellesskap:

1. Vi innrømmet at vi var maktesløse overfor alkohol, og at vi ikke lenger kunne mestre våre liv.
2. Vi kom til å tro at en Makt større enn oss selv kunne bringe oss tilbake til sunn fornuft.
3. Vi bestemte oss til å overlate vår vilje og vårt liv til Guds omsorg, *slik vi selv oppfattet Ham.*
4. Vi foretok en fryktløs og grundig moralsk selvransakelse.
5. Vi innrømmet, ærlig og utilslørt, våre feil for Gud, for oss selv og et annet menneske.
6. Vi var helt innstilt på å la Gud fjerne alle disse feilene i vår karakter.
7. Vi ba Ham ydmykt om å fjerne våre feil.
8. Vi satte opp en liste over alle dem vi hadde gjort vondt mot og ble villige til å gjøre alt sammen godt igjen.
9. Vi gjorde opp med disse menneskene når det var mulig å gjøre det uten å skade dem eller andre.
10. Vi fortsatte med selvransakelsen, og når vi hadde feilet, innrømmet vi det uten å nøle.
11. Vi søkte gjennom bønn og meditasjon å styrke vår bevisste kontakt med Gud, *slik vi selv oppfattet Ham,* og ba bare om å få vite Hans vilje med oss og kraft til å utføre den.
12. Når vi hadde hatt en åndelig oppvåkning som følge av disse trinn, prøvde vi å bringe dette budskapet videre til alkoholikere og praktisere disse prinsippene i all vår gjerning. (kjelde: www.anonymealkoholikere.no)

**Sinnsrobøna** *(skrevet av Reinhold Niebuhr)***:**
Gud, gjev meg sinnsro til å godta dei tinga
eg ikkje kan forandra,
mot til å forandra dei tinga eg kan,
og forstand til å sjå skilnaden!

– Eg får noko igjen kvar dag ved å sjå at ungane skikkar seg vel og greier seg godt, byggjer opp familiar på ein heilt annan måte enn eg gjorde det. Det er så kjekt å sjå at dei klarer seg, at dei har det dei treng, seier han.

– Eg finn ei eiga kraft i bøn og meditasjon, ikkje så mykje i å be om noko som i å gje meg tid, og gjennom å takka for det eg har fått. Det skjer utruleg mykje positivt kvar dag. Viss ein berre tyngjer seg ned i problem, kjem ein ikkje vidare. Eg får ikkje gjort så mykje med fortida, ein kan jo be om orsaking for dette og hint, men får aldri gjort fortida om. Difor må eg skapa meg eit liv der eg får sjå framover. Og så kjenner eg at eg er utruleg heldig, utstyrt med svært godt humør - det boblar opp med kommentarar og dill og dall, kanskje slikt som av og til skulle vore usagt. Eg har eit lett liv og eit godt liv.

**Boktipset**

# Rovdrift på Guds skaperverk




**John Grishams Forvandlingen (Gray Mountain, 2014) handler om miljøkriminalitet innen kull-industrien i USA. I stedet for vanlig kullgruvedrift under bakken, blir hele fjelltopper fjernet.**

Kullet ligger i lag omtrent som fyllet mellom lagene i en kake. Øverst på fjelltoppen står det skog, så følger et lag med jord, deretter et lag med stein, og endelig et leie med kull. Når et gruveselskap får tillatelse til drift på denne måten, går de til angrep på fjellet med all slags tungt utstyr.

Først bruker de bulldosere til å renske vekk all skogen, så jorden og til sist all steinen. Nå ligger kullet opp i dagen og kan taes vekk. Så kan neste lag med stein røskes vekk til det dukker opp et nytt kulleie. Trærne, jorden og steinmassene blir ofte kastet ned i dalene og blir til det som kalles dalbunnfyllinger. Disse ødelegger vegetasjonen, utrydder dyrelivet og tetter til naturlige bekker og elver. En ny miljøkatastrofe er resultatet. Det er ikke uvanlig å sprenge vekk de øverste 150 meterne av en åstopp. Det kan gå utover drikkevannet og gjøre områder ubeboelige.
Romanen handler om en ung advokat, Samantha, som arbeider i et stort advokatselskap i New York. En finanskrise gjør at mange selskaper går overende, og advokatene må finne seg annet arbeide. Samantha får en jobb i den lille byen Brady i Appalachia-fjellene. Der skal hun jobbe gratis for et lite småbyfirma som tilbyr fri rettshjelp for ubemidlede. Det varer ikke lenge før hun får stifte bekjentskap med kullindustrien.

I bokomtalen står det at i Forvandlingen introduserer Grisham den «kuleste heltinnen» siden Pelikanrapporten og «verden trenger Grishams helter».

I dag, når mennesker har fått øynene opp for hva vi gjør mot skaperverket, er dette en viktig bok. Kan vi finne eksempler på «rovdrift» av naturen i vårt eget land?
Hva skjer for eksempel i Førdefjorden? Hva med vår olje-utvinning?

*Anne Karin Corneliussen*

Akasia
-verdier for generasjoner
GRAVSTELL



Akasia Gravstell tilbyr et stort utvalg av stellavtaler og spesial-tilpassede avtaler. Vi steller over 8000 graver i Bergen og omegn* og våre profesjonelle gartnere har lang erfaring.

**Vi tilbyr nå gratis vinterdekking ved signering av helårsavtale for 2018. Vinterdekking inkluderer granbar og krans.**

Les mer om våre avtaler på **www.akasia.no**

Kontakt oss på telefon: 55 59 39 00
epost: gravstell@akasia.no

*Gjelder ikke Osterøy

Stjernen Åpen barnehage I ÅSANE KIRKE

**Babysang for de minste**
- **Mandag og torsdag kl 12.00**

Kom og bli med på babysang i det flotte kirkerommet i Åsane kirke! Sammen synger vi velkjente barne-sanger og regler. Sangene gjør vi levende ved hjelp av bevegelser og sansestimulering.

**Aktiviteter for de større**
- Løvegjengen (4-åringer)
- Førskolegruppe
- Formingsaktiviteter
- Leker og materiell
- Lekerom og gymrom
- Snekkerbod

**Andre aktiviteter og fellesarrangementer**
- Felles samlingsstund
- Karneval og julefest
- Turdager/utflukter
- Åpne familiedager
- Internasjonal dag
- Babymassasjekurs

**Se vår hjemmeside www.aasanemenighet.no** og Stjernen Åpen barnehages Facebook-side «Stjernen Åpen barnehage». Her finner du info om hva som skjer i tiden som kommer. Har du spørsmål? Kontakt styrer Kate Bølstad: 55 36 22 62 / 917 24 471.
Hjertelig velkommen!

DEN NORSKE KIRKE
www.aasanemenighet.no



***STAT OG KIRKE HAR SKILT LAG:*** *Ved årsskiftet var det slutt på tiden da Den norske kirke også var statskirke.*

# Stat + kirke = slutt!

**Hva betyr det for oss kirkegjengere at kirken er skilt fra Staten? Hva er det som har skjedd i forholdet mellom Staten og kirken det siste tiåret? Hvem styrer og bestemmer hva i dag?**

TEKST: EDVIN BRATLI

Vi har hørt disse og flere andre spørsmål de siste årene. Her skal jeg forsøke å gi noen enkle svar på hvordan det er i dag.

**Hvem bestemmer?**
Tidligere var det Staten som var øverste organ i Den norske kirke. Biskoper og proster ble utnevnt (= tilsatt) i Statsråd, der Kongen og statsrådene satt. Det var Kirkedepartementet som administrerte kirken. Nå er det Kirkemøtet som er vårt øverste organ. Kirkemøtet samles til et seks dagers møte hvert år. Kirkemøtet har 116 medlemmer, og er det øverste demokratisk valgte organet i Den norske kirke.

Mellom de årlige møtene må noen administrere Den norske kirke. Dette er det Kirkerådet som gjør. Kirkerådet forbereder de sakene som skal behandles av Kirkemøtet, iverksetter Kirkemøtets beslutninger og leder arbeidet mellom Kirkemøtets samlinger. Dermed er det Kirkerådet som nå foretar tilsettinger av biskoper og proster.

Bispedømmerådene tilsetter prestene i hvert bispedømme. Det har også ansvar for å fordele penger/lønn til prester, diakoner, kateketer, til dem som arbeider innenfor trosopplæring og diverse annet. Slik har det væt i mange år.

De kirkelige fellesrådene, som det finnes ett av i hver kommune, har heller ikke opplevd endringer ved skillet mellom Staten og kirken. De har ansvar for drift av kirker, gravplasser, og personalet som arbeider i kirken, unntatt prestene. Soknerådene opplever heller ingen endring nå.

**Pengestrømmen?**
Hvem lønner hvem nå? Hvor kommer pengene fra? Her er det egentlig kun én endring ved skillet mellom Staten og kirken. Før bestemte Stortinget (i Statsbudsjettet) hvor mye penger Staten skulle bruke på kirken. Kirkedepartementet fordelte de mange utbetalingene til diverse formål, og lønn til biskoper, proster og prester. Derfor kunne prestene si at de var statsansatt.

Nå bevilger Staten fortsatt et beløp som skal gå til Den norske kirke. Det blir bestemt i Statsbudsjettet hvert år. Dette utbetaler de så direkte til Kirkerådet, som forvalter og fordeler og betaler ut lønn til alle geistlige og til dem som arbeider administrativt i kirken og på bispedømmekontorene. Prestene har nå fått Den norske kirke som sin nye arbeidsgiver.

På lokalplanet, i hver kommune, er det ingen endring når det gjelder økonomien. Fellesrådet får sine årlige bevilgninger fra sin kommune til drift av kirkene, gravplassene og til sine tilsatte.

## Kjære leser!



Bladet du nå holder i er et resultat av innsatsen fra mange frivillige fingre. Likevel er det en del kostnader med produksjonen av hvert blad.

Stor takk til alle dere som har bidratt økonomisk til bladet, dette er med på å gjøre det mulig å utgi bladet.

Dersom du ønsker å støtte oss, kan du sette inn et beløp på vår bankkonto 5081.08.55409.
Adressen er Menighetsbladene, c/o Åsane Menighet, postboks 83 Ulset, 5873 Bergen. Det er mulig å få skattefradrag på gaver der totalt årsbeløp overstiger kr 500.

På forhånd takk til de som finner anledning!

*Vennlig hilsen Bjørn Otto Aarheim,*
*styreleder for menighetsbladene i Åsane prosti*

Tanker om tro

# Min tro mon tro?

**Min tro er et tvilsomt prosjekt. Stadig støter jeg på problemer.**

AV NILS MAGNUS ULVIK

Et av de vanligste og vanskeligste spørsmålene er: Hvordan kan det finnes en allmektig gud som styrer alt og som elsker alle mennesker når det samtidig skjer så mye tragisk og vondt i verden? Hvordan kan en allmektig gud tillate alt det onde som rammer mennesker så tilfeldig? Jeg har ikke gode svar.

Når jeg en sjelden gang våger meg ut i en diskusjon med mennesker som ikke tror, blir jeg gjerne satt fast. Stadig ender jeg opp i paradokser og selvmotsigelser. Det skjer forresten ikke bare i diskusjoner med andre. Jeg møter også selvmotsigelser når jeg for meg selv prøver å få orden på hva jeg egentlig tror på. Det blir problematisk å tro det jeg tror at jeg tror på.

I ordboken finner jeg at «paradoks» betyr *«en tilsynelatende selvmotsigende påstand som ved nærmere ettertanke viser seg å inneholde en viss sannhet»*. Når jeg sammen med resten av menigheten under søndagens gudstjeneste leser trosbekjennelsen høyt, kan jeg oppdage at noe av sannheten i troens paradoks faktisk kan være at jeg ikke av meg selv kan makte å tro det jeg bekjenner at jeg tror på. Gud selv eller Jesus må stadig gi meg troen og tro for meg.

Dette er ingen ny og original oppdagelse. Den har vært kjent og erfart av mange opp gjennom tidene. Martin Luther sier det slik: «Jeg tror at jeg av egen kraft ikke kan tro». Troen blir skapt og vedlikeholdt av noe utenfor mennesket. Gud er den kraften som skaper tro i menneskets hjerte. Han både skaper troen og holder den ved like. Vi kan kalle det troens gave.

Dermed løses ikke alle trosspørsmål. Fortsatt er det mye som slett ikke kan forstås. Mange spørsmål uten gode svar blir tilbake som noe av mystikken i troen. Men vi kan overgi våre vanskelige trosspørsmål til Gud. Vi behøver ikke helt alene kjempe så hardt hverken for eller imot troen. Troen som opprettholdes av Gud gir trygghet. Troen skal være til å hvile i.

**Nils Magnus Ulvik, som skrev denne teksten, døde 28. august, etter et kort sykeleie. Menighetsbladene lyser fred over hans minne.**

VI TRENGER FRIVILLIGE.
Les mer og meld din interesse på
kirkens-sos.no


KIRKENS SOS

www.eidsvaagauto.no – Følg oss på Facebook
EIDSVÅG AUTO AS
Aut. bilverksted • Karrosseri
Lakkeringsverksted
Eidsvågbakken 21 - 5105 Eidsvåg
MECA CAR SERVICE
GODKJENT VERKSTED
Tlf. 55 25 10 20

ASTRI VÅRDAL
Statsautorisert revisor/autorisert regnskapsfører
Revisjon: aksjeselskap, stiftelser, borettslag mm.
Regnskapsføring
ASTRI VÅRDAL
Ytre Arna
Tlf: 55 53 14 94
Mail: astri@vaardal.no
Nettside: http://www.vaardal.no

Rolfs Matbu og Selskapsservice
EIDSVÅG I ÅSANE • 26 ÅRS ERFARING
Vi leverer eller du henter!
VI LAGER MAT TIL:
- Konfirmasjon
- Dåp
- Runde dager
- Kurs
- Minnestunder
Eidsvågveien 150 • 5105 Eidsvåg i Åsane
Tlf: 55 29 26 32 • post@rolfsmatbu.no
www.rolfsmatbu.no

Advokatfirmaet
Sigrun Pedersen M.N.A.
Arv/gaver
Barnerett
Familierett – sambo/ekteskap
Samlivsbrudd
Kjøp/salg fast eiendom – bolig/hytte
Litleåsvg. 49, 5132 Nyborg.
Inng. C, 3. etg. (Bergen Kontorhotell)
Tlf.: 55 18 86 00
advokat.sigrun.pedersen@hotmail.com

Kleiveland A.S
Ur og Gull
www.kleivelanduroggull.no
Åsane Storsenter tlf 55191800
Øyrane Torg tlf 55240496


Pris på bad innen 5 dager!
Tlf.: 952 25 603 • mail: post@aogbygg.no
AOG BYGG AS
www.aogbygg.no

XL BYGG ADOLF JAHNSEN
Fagerdalen 4, 5039 Bergen, Tlf 55 33 36 00
www.adja.no e-post: post@adja.no

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR
Thunestvedt
Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

REMA 1000
5282 Lonevåg | 56 39 22 30

BLINK HUS
Helge Rød as

YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp
Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56 19 34 34




TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

Hos Mormor
Lonevåg Senter Tlf. 992 43 900

## STELL AV GRAVER

Kyrkjekontoret kan ta på seg stell av graver på kyrkjegardane på Osterøy. Dette kan bli gjort, anten ved å betale inn eit beløp som dekkjer stell av grava for fleire år frametter eller ved ei årleg innbetaling på kr. 2150,-.

*Summen dekkjer:* *Utplanting: vår, sommar og haust*
*Til jul: mosekrans og vinterdekke*

Dersom de er interessert i at vi skal ordne med stell av grav som de har ansvar for, kan de ta kontakt med oss på tlf. 56 19 22 80 eller på epost: kyrkje@osteroy.kommune.no



# Den svarte gåva

**Enno ein gong har Bruvik-bygda stilt opp for kyrkja. Denne gongen er det parkeringsplassen til kyrkja som er asfaltert.**

Det hende no i sommar. Rett før Bruvikdagen 19. august og gudstenesta dagen etter, som skulle vore halden på kaien. Kyrkjeleg fellesråd vil takke for gåva på over 100.000 kroner, som Kyrkjeringen og Grendarådet har gitt. Pådrivaren, som må takkast særskilt, er Sigmund Faugstad, leiar i Grendarådet. Han gav aldri opp draumen om å få asfaltert plassen.

Før asfalten blei lagt, reinska vi plassen for gras og ordna med drenering der det kom vatn opp når det regna. Vi trur at det blir mykje reinsligare når vi slepp å trakke i grus og sølepyttar. Det var ei stund i tankane våre å leggje nytt lag med grus på plassen, men vi ser no at det blei betre med asfalt. I løpet av hausten vil det og kome opp utelys på plassen, og det er klargjort for at vi kan få eit straumpunkt for båtar som legg til der.

# Hosanger kyrkje blir kvit igjen

**I desse dagar blir Hosanger kyrkje kalka. Det er murarar frå Akasia, eit selskap eigd av Bergen kirkelige fellesråd, som har fått oppdraget.**

Det sto dårleg til med ytterveggane på Hosangerkyrkja. Mykje laus murpuss og mykje svart sopp. Det er ei stund sidan det blei gjort skikkeleg arbeid her. Murarane har vaska og børsta heile kyrkja. Då eg møtte dei i slutten av august, heldt dei på med å pikke laus gammal puss og kalk. Etter at desse «såra» er flikka, skal det leggjast på to lag med kalk. Arbeidet vil vere ferdig i slutten av september.

Når jobben er ferdig, har vi fått ei velstelt kyrkje, med nytt tak i fjor og ny kalk i år. Vi trur det vil gjere det trivelegare å gå til gudsteneste eller konsert i eit så flott bygg. Vi må sende ei stor takk til Osterøy kommune, for det store økonomiske løftet den har stått for desse tre åra. Med desse midlane har vi fått tjærebreidd Hamre kyrkje, malt Haus, Gjerstad og Bruvik kyrkjer utvendig, Hosanger kyrkje har fått nytt tak og Haus kyrkje blei òg malt innvendig. I løpet av hausten vil vi òg få skifta ut røyromnane under benkane og male taket inni Gjerstad kyrkje.



# Vi kjem med den gode bodskapen!

**– Nokre gongar blir vi møtt av folk som lurer på kva vi gjer ved postkassane deira. Folk er blitt mistenksame, seier Reidun Tvedt og Oddvar Teigland.**

AV EDVIN BRATLI

Men ver ikkje redd. Dei køyrer rundt og legg Kyrkjehelsing i alle postkassane på Osterøy. Bladet kjem ut fem gonger i året, og blir delt ut til alle husstandar i kommunen. Bladet er å rekne som offentleg informasjon, og vi har difor lov til å leggje det i postkassane som er merkte med «Nei til reklame».

Reidun og Oddvar trivst godt med jobben å køyre rundt på heile Osterøy. Han fortel at som bussjåfør meinte han at han var godt kjend, men der tok han feil. Det finst mange vegar han ikkje kjende til, og både han og Reidun har fått sjå mange nye bygder og stader dei aldri hadde sett før. Dei treff og på mange kjekke folk når dei stoppar ved postkassestativa. Ofte går det litt ekstra tid med, når praten kjem i gang.

Reidun fortel om dei problema dei møter på turane sine. Det eine er stappfulle postkassar, med våt og gammal post, mest reklame. Ho lurer på om dei som eig postkassane kunne ta ansvar for å tømme dei eller ta dei bort, om dei ikkje er i bruk. Nokre postkassar er vanskeleg å finne. Dei kan stå innimellom busker og trær. Det hadde vore fint om dei var lett synleg frå vegen.



***PÅ «POSTKASSEJAKT»:** Reidun Tvedt og Oddvar Teigland ønskjer å finne fram til alle postkassane på Osterøy, men det er krevjande. Dei trur dei har funne dei fleste, men er ikkje sikker. Med på «jakta» har dei både ungane og hundane sine.*

## Trusopplæringa sitt haustprogram

- 16. september kl. 11-13: Samling for 4-åringar, Hamre
- 16. september kl. 16-18: Samling for 4-åringar, Hosanger
- 17. september kl. 11: Utdeling av 4-årsbok i gudstenesta, Hamre
- 17. september kl. 11: Utdeling av 4-årsbok i gudstenesta, Bruvik
- 17. september kl. 16: Utdeling av 4-årsbok i gudstenesta, Hosanger
- 23. september kl. 11-13: Samling for 4-åringar, Gjerstad
- 24. september kl. 11: Utdeling av 4-årsbok i gudstenesta, Haus
- 24. september kl. 16: Utdeling av 4-årsbok i gudstenesta, Gjerstad
- 29. september kl. 19-23: TGIF; Thank God it's Friday, Haus kyrkje og kyrkjelydshus. For ungdomar 15+. Tema: Grøn livsstil. Aktivitetar ute og inne, TGIF ungdomsteam deltar, Friday Gospel kl. 21.00. Sjå Facebook (facebook.com/tgfriday)
- 25.-26. november: «Lys Vaken», Gjerstad
- 2.-3. desember: «Lys Vaken», Haus
- 8. desember: Juleverkstad, Bruvik

Trusopplæring er ei hjelp til foreldre som ønskjer å gi barna ei kristen opplæring. Invitasjonar til trusopplæringstiltak vert sendt som brev til barn som er medlemmer i Den norske kyrkja. Alle barn i aktuell aldersgruppe er velkomne.

Følg med på Facebook (facebook.com/KyrkjaOsteroy) og på nettsida vår, osteroy.kyrkja.no.
Der blir oversikt over datoar og tidspunkt oppdatert. Nokre arrangement blir tilbydd i to eller tre av kyrkjene våre. Dersom barna skal få med seg tilbodet for si aldersgruppe, må ein nokre gonger møta i andre kyrkjer enn heimekyrkja. Det er påmelding til arrangementa. Hjarteleg velkomne!

*Trusmedarbeidar Helga Askeland Mjelstad*

## Kyrkjeskyss Gjerstad og Hamre

Treng du skyss til gudstenestene? No kan du ringe og bli henta og køyrd heim att. Både Gjerstad og Hamre har tilbod om slik ordning.

**Til Gjerstad kyrkje:** Ta kontakt med Reidun Vevle: tlf. 41087025 eller Kari Vevle Reigstad: tlf. 48136076

**Til Hamre kyrkje:** Ta kontakt med Kjellaug Birkeland, tlf. 41680522 eller Bent-Are Mjelstad tlf. 48198729.

## Velkommen til barnekor på Valestrand

Me har øving annakvar torsdag frå 31. august. Me øver i Danielsen Ungdomsskule sine lokaler. Aldersgruppa er frå året du fyller 5 år, til og med 5. klasse.

På kvar samling vil det bli song og leik, samt ei kort forteljing frå Bibelen. Øvingane startar kl. 17.30, og varar til kl. 18.30. På nokre av samlingane vil me eta saman etter øvinga. Desse kveldane vert me ferdig til kl. 19.00. Ta kontakt dersom barnet ditt har matallergi. Kontaktperson: Karina Bognøy (mobil 93611032).

# DEN NORSKE KYRKJA
Osterøy

## 3. september
*13. søn i treeiningstida. Matt. 25. 14-30*

**Hosanger kyrkje kl. 11.00.** Avskilsgudsteneste for Inge Sørheim. Øystein Skauge m.fl. Dåp og nattverd.

## 10. september
*Vingårdssøndag. Matt. 20, 1-16*

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse. Tom Sverre Tomren. Dåp og nattverd. Konfirmantpresentasjon
**Haus kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse. Håkon Kinsarvik. Dåp. Konfirmant-presentasjon

## 17. september
*Matt. 7, 24-28*

**Bruvik kyrkje kl. 11.00.** Familiegudsteneste. Arvid A. Fosse. Dåp og nattverd. Konfirmantpresentasjon, hausttakkefest og utdeling av 4-årsbok.
**Hamre kyrkje kl. 11.00.** Familiegudsteneste. Helle Maria Wolstad. Dåp. Utdeling av 4-årsbok. Nattverd.
**Hosanger kyrkje kl. 16.00.** Familiegudsteneste. Helle Maria Wolstad. Dåp. Konfirmantpresentasjon og utdeling av 4-årsbok. Nattverd.

## 24. september
*16. søn i treeiningstida. Mark. 7, 31-37*

**Haus kyrkje kl. 11.00.** Familiegudsteneste. Håkon Kinsarvik. Dåp. Utdeling av 4-årsbok.
**Gjerstad kyrkje kl. 16.00.** Familiegudsteneste. Håkon Kinsarvik. Dåp. Utdeling av 4-årsbok.

## 29. september
**Haus kyrkje kl. 21.00.** Kveldsgudsteneste (TGIF). Håkon Økland Kinsarvik.

## 1. oktober
*17. søn i treeiningstida.Joh. 11, 17-29 og 30-46*

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse. Tom Sverre Tomren. Dåp og nattverd. Feiring av 50-årskonfirmantar
**Hosanger kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse. Helle Maria Wolstad. Dåp og nattverd.

## 8. oktober
*18. søn i treeiningstida.Matt. 8, 14-17*

**Hamre kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse. Arvid A. Fosse. Dåp og nattverd.

## 15. oktober
*Luk 20,45-21-4*

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse. Håkon Økland Kinsarvik. Dåp.

## 22. oktober
*20. søn i treeiningstida. Joh. 11,1.-5*

**Hamre kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse. Helle Maria Wolstad. Dåp og nattverd.
**Haus kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse. Tom Sverre Tomren. Dåp og nattverd. Feirng av 50-årskonfirmantar.

## 29. oktober
*Bots- og bønedag. Luk. 13, 22-30*

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse. Helle Maria Wolstad. Dåp og nattverd.
**Hosanger kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse. Arvid A. Fosse. Dåp og nattverd.

## 5. november
*Allehelgensdag. Matt. 5, 1-12*

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00.** Minnegudsteneste. Tom Sverre Tomren. Nattverd.
**Haus kyrkje kl. 11.00.** Minnegudsteneste. Arvid A. Fosse. Nattverd.
**Hosanger kyrkje kl. 16.00.** Minnegudsteneste. Helle Maria Wolstad. Nattverd.
**Hamre kyrkje kl. 18.00.** Minnegudsteneste. Helle Maria Wolstad. Solist Eva-Marie Toppe. Nattverd.

## 12. november
*23. søn i treeiningstida. Mark. 10, 28-31*

**Bruvik kyrkje kl. 11.00.** Helle Maria Wolstad. Minnegudsteneste. Nattverd.

## 19. november
*Matt. 18,1-6 og 10-14*

**Hosanger kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse. Håkon Økland Kinsarvik. Dåp og nattverd.
**Haus kyrkje kl.16.00.** Høgmesse. Håkon Økland Kinsarvik. Dåp og nattverd.

## 26. november
*Domssøndag. Matt. 25, 31-46*

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00.** Familiegudsteneste. Arvis A. Fosse. Dåp og nattverd. Lys vaken.
**Hamre kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse. Helle Maria Wolstad. Dåp og nattverd.

*Dei neste gudstenestene kan du finne på www.osteroy.kyrkja.no*

# SLEKTERS GANG

## Døypte:
**Gjerstad**
18.06. Emilie Constanse Solheim Kleiveland
18.06. Sofia Øksnes
13.08. Emmelinn Jacobsen Revheim
13.08. Frida Emilie Rongved
10.09. Malvin Steinsland Flatås
**Hamre**
18.06. Lavrans Losnegård Vassdal
18.06. Jenny Tørmo Jonassen (Ringebu stavkirke)
06.08. Adelen Hosøy Raknes
06.08. Hugo Landøy-Melchersen
**Hosanger**
25.06. Eira Mjelde Andersen
25.06. Natalia Tepstad Drangevåg
25.06. Luka-Emil Fanebust
03.09. Saga Olsen-Fotland
**Haus**
02.07. Sofie Hernar Andersen
30.07. Maiken Myking Thunestvedt
27.08. Ingvild Torgersen
27.08. Lars Hallan
**Bruvik**
22.07. Martin Lohne Sveinsson
20.08. Øystein Lid Faugstad

## Vigde:
**Hosanger**
17.06. Ingeborg Bjørge Austrheim og Martin Alling (Busett Hjelmås)
01.07. Stina Marie Sandal Vedå og Jan-Terje Neset
19.08. Vivi Haug og Sverre Myking
**Bruvik**
24.06. Terese Hagen Vassdal og Bård Vågsholm Husby (Busett Bergen)
**Hamre**
24.06. Anne Skuggedal Hansen og Tore Bjelland (Busett Bergen)
08.07. Helene Ottesen Reigstad og Christian Hartvedt (Busett Askøy)
19.08. Hilde Fjelde Losnegård og Håvard Haga Kleiveland
09.09. Mina Helene Geelmuyden og Ole-Harald Bleikli
**Haus**
08.07. Merethe Kristin Rogde Mjånes og Åsmund Lone
02.09. Lene Hole Didriksen og Thomas Alexander Kallekleiv Birkaas

## Gravlagte:
**Hamre**
26.05. Demanda Eide (f.1918)
30.05. Margit Børtveit (f.1926)
07.07. Olav Andreas Hansen (f.1930) Bisett i Åsane gml.
20.07. Truls Ingemunn Børtveit (f.1945)
08.08. Gunnar Magne Strømsnes (f.1933)
**Hosanger**
09.06. Jenny Litland (f.1937)
20.06. Kirsten M. Tysse (f.1937)
01.07. Haldis Skjær (f.1919) Urne
30.06. Dag Magne Siglevik (f.1971) Bisett Haukeland
07.07. Kristoffer Nordås (f.1929)
01.08. Jørgen Ingolv Dahl (f.1925)
**Bruvik**
16.06. Malin Bruvik (f.1987)
**Gjerstad**
20.06. Kåre Kallekleiv (f.1930)
13.07. Kjell Røiseth (f.1938) Bisett
26.07. Ester Mæhle (f.1919)
**Haus**
27.06. Alf Osvald Berge (f.1921) Mjeldheim gravplass




Bunad og stakkastovo as

Ny bunad
Omsøm
Alt av tilbehør

Ring for avtale 56191800

**Osterøy næringspark, 5281 Valestrandsfossen**
**www.bunadogstakkastovo.no**